



Ståle Torstein Risa
Silurveien 8b
0380 Oslo

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3362 - 22/93674

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
08.12.2022

Ber om tilbakemelding om avløpstilhøva på eigedomen din - gbnr 123/47 Risa

Tiltak: lågt nivå slamavskiljar
Byggjestad: Gbnr 123/47
Tiltakshavar: Yuen Kwan Risa

Alver kommune har den 21.04.2022 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning av slamavskiljar den 19.04.2022 vart registrert lågt nivå, truleg lekkasje mellom ringane.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 31.03.2023.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg/dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du/de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du/de sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Avviksmelding med bilete frå Norva24 AS er vedlagt.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensingslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følger av forurensingsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensingsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følger av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om avvik i tank - gbnr 123/47 Risa
bilde 1
Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Ståle Torstein Risa
Yuen Kwan Risa

Silurveien 8b
Silurveien 8b

0380 Oslo
0380 Oslo